

KOMMISJONSVEDTAK

2006/EØS/30/13

av 23. desember 2002

om gjennomføring av rådsforordning (EØF) nr. 1612/68 med omsyn til formidling av tilbud og søknader om arbeid(*)

[meldt under nummeret K(2002) 5236]

(2003/8/EF)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE
FELLESSKAPA HAR—med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske
felleskapet,med tilvising til rådsforordning (EØF) nr. 1612/68 av 15.
oktober 1968 om fri bevegelighet for arbeidstakere innen
Felleskapet⁽¹⁾, sist endra ved forordning (EØF) nr. 2434/92⁽²⁾,
særleg artikkel 44, og

ut frå desse synsmåttane:

- 1) Det er gjort mange framsteg sidan innføringa av det europeiske nettet for arbeidsformidling (EURES), som vart fastsett ved kommisjonsvedtak 93/569/EØF⁽³⁾ om gjennomføring av rådsforordning (EØF) nr. 1612/68.
- 2) I lys av dei røyntslene som er gjorde sidan 1993 og for å ta omsyn til og konsolidere den seinaste utviklinga innanfor EURES, bør nettet no styrkjast og integrerast fullt ut i arbeidsformidlingstiltaka i medlemsstatane. Den noverande ansvarsdelinga og framgangsmåttane for avgjerdstaking bør endrast.
- 3) Med tanke på den utvidinga av Den europeiske unionen som er i emning bør EURES gjennomførast fullt ut i tilmeldingsstatane, samstundes som det vert sikra at systemet framleis er effektivt og kan administrerast.
- 4) Det bør òg takast omsyn til dei utsiktene som dei nye verktøya for informasjons- og kommunikasjonsteknologi gjev til ytterlegare å betre og rasjonalisere dei tenestene som vert ytte.

- 5) For dette føremålet bør EURES konsoliderast og styrkjast som eit viktig verktøy for å overvake mobiliteten, støtte den frie rørsle for arbeidstakarar, integrere dei europeiske arbeidsmarknadene og informere borgarane om det gjeldande fellesskapsregelverket.
- 6) Arbeidsmobiliteten og den geografiske mobiliteten må fremjast i tråd med den europeiske sysselsetjingsstrategien med sikte på å gjennomføre handlingsplanen for kvalifikasjonar og mobilitet⁽⁴⁾ og rådsresolusjon av 3. juni 2002 om det same emnet⁽⁵⁾.
- 7) Av omsyn til klarleiken er det ønskjeleg å innføre på nytt det europeiske nettet for arbeidsformidling med ein tydelegare definisjon av samansetnaden av og strukturen og funksjonane til nettet. Dette inneber at vedtak 93/569/EØF bør bytast ut.
- 8) Dei tiltaka som er fastsette i dette vedtaket, er i samsvar med fråsegna frå Det tekniske utvalet for fri rørsle for arbeidstakarar —

GJORT DETTE VEDTAKET:

*Artikkel 1***EURES-nettet**

Kommisjonen, arbeidsformidlinga i medlemsstatane og eventuelle andre nasjonale partnerar som dei har, skal skipe eit europeisk nett for tenester med namnet EURES (European Employment Services), som skal utvikle den informasjonsutvekslinga og det samarbeidet som er fastsett i andre delen i forordning (EØF) nr. 1612/68.

(*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EFT L 5 av 10.1.2003, s. 16, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 7/2004 av 6. februar 2004 om endring av EØS-avtalens vedlegg V (Fri bevegelighet for arbeidstakere), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 20 av 22.4.2004, s. 10.

⁽¹⁾ TEF L 257 av 19.10.1968, s. 2.

⁽²⁾ TEF L 245 av 26.8.1992, s. 1.

⁽³⁾ TEF L 274 av 22.10.1993, s. 32.

⁽⁴⁾ KOM(2002) 72, endeleg utgåve av 13.2.2002.

⁽⁵⁾ TEF C 162 av 6.7.2002, s. 1.

*Artikkel 2***Mål**

EURES medverkar til ei samordna gjennomføring av føresegnene i andre delen i forordning (EØF) nr. 1612/68. Det støttar den europeiske sysselsetjingsstrategien og medverkar til styrking av den europeiske felles marknaden.

Med særleg sikte på å gagne arbeidssøkjjarar, arbeidstakarar og arbeidsgjevarar, tek EURES sikte på å fremje:

- a) utvikling av europeiske arbeidsmarknader som er opne og tilgjengelege for alle,
- b) utveksling av tilbod og søknader om arbeid mellom statar og regionar og i grenseområde,
- c) klarleik rundt og informasjonsutveksling om dei europeiske arbeidsmarknadene, medrekna om levevilkår og høve til å tileigne seg kvalifikasjonar,
- d) utvikling av metodar og indikatorar for dette føremålet.

*Artikkel 3***Samansetnad**

EURES skal omfatte følgjande partar:

- a) EURES-medlemmene, som skal vere spesielle kontor som er peikte ut av medlemsstatane i samsvar med artikkel 13 nr. 2 i forordning (EØF) nr. 1612/68, og Det europeiske samordningskontoret, i samsvar med føresegnene i artikkel 21, 22 og 23 i den nemnde forordninga, og
- b) EURES-partnarane, slik det er fastsett i artikkel 17 nr. 1 i forordning (EØF) nr. 1612/68, det vil seie:
 - i) regionale arbeidsformidlingar i medlemsstatane,
 - ii) arbeidsformidlingar som har ansvaret for grenseområde,
 - iii) spesielle arbeidskontor som er melde til Kommisjonen i samsvar med artikkel 17 nr. 2 i forordning (EØF) nr. 1612/68.

Desse partane skal omfatte fagforeiningar og arbeidsgjevar organisasjonar som er peikte ut av EURES-medlemmene.

*Artikkel 4***Rolla til Det europeiske samordningskontoret**

Generaldirektoratet for sysselsetjing og sosiale spørsmål har ansvaret for forvaltninga av Det europeiske samordningskontoret.

Det europeiske samordningskontoret (heretter kalla EURES-samordningskontoret) skal syte for at føresegnene i andre delen i forordning (EØF) nr. 1612/68 vert stetta, og hjelpe nettet til å utføre verksemda si.

Det skal særleg ha til oppgåve:

- a) å analysere den geografiske mobiliteten og arbeidsmobiliteten, og å utvikle ein generell metode for mobilitet i samsvar med Den europeiske sysselsetjingsstrategien,
- b) å utarbeide ein samanhengande og heilskapleg metode og høvelege ordningar for å fremje samarbeid og samordning mellom medlemsstatar,

- c) å ha eit overordna ansvar for overvaking og vurdering av EURES-tiltak, og kontrollere at dette vert utført i samsvar med forordning (EØF) nr. 1612/68 og dette vedtaket.

*Artikkel 5***EURES-logoen**

Akronymet EURES skal berre nyttast på tiltak innanfor EURES. Det skal illustrerast ved ein standard logo som er definert i eit grafisk dokument.

Logoen skal registrerast som eit fellesskapsvaremerke ved Kontoret for harmonisering i den indre marknaden (KHIM). Han kan nyttast av EURES-medlemmer og -partnarar.

*Artikkel 6***Strategigruppe på høgt nivå**

Det vert skipa ei strategigruppe på høgt nivå, som er samansett av leiarane for EURES-medlemmene og har ein representant for Kommisjonen som formann. Ho skal hjelpe Kommisjonen med å fremje og overvake utviklinga av EURES.

Kommisjonen skal rådføre seg med strategigruppa på høgt nivå om spørsmål som gjeld strategisk planlegging, utvikling, gjennomføring, overvaking og vurdering av dei tenestene og tiltaka som er nemnde i dette vedtaket, medrekna:

- a) EURES-pakta, i samsvar med artikkel 8 nr. 2,
- b) EURES-retningslinjene, i samsvar med artikkel 9 nr. 1,
- c) utkastet til årsrapport frå Kommisjonen, slik det er fastsett i artikkel 19 nr. 1 i forordning (EØF) nr. 1612/68,
- d) den rapporten som Kommisjonen skal utarbeide annakvart år for Europaparlamentet, Rådet og Det europeiske økonomi- og sosialutvalet, i samsvar med artikkel 19 nr. 3 i forordning (EØF) nr. 1612/68.

Leiarane for organisasjonane til dei europeiske partane i arbeidslivet skal inviterast til å ta del i møta til gruppa.

Gruppa skal fastsetje arbeidsmåtane og møteføresegnene sine. Som ein allmenn regel skal formannen kalle inn til møte to gonger i året. Gruppa skal leggje fram fråsegnene sine med vanleg fleirtal.

EURES-samordningskontoret skal vere sekretariat.

*Artikkel 7***Arbeidsgruppe**

For å hjelpe utviklinga, gjennomføringa og overvakinga av EURES-tiltaka skal EURES-samordningskontoret skipe ei arbeidsgruppe som er samansett av EURES-leiarar, som kvar og ein representerer eit EURES-medlem. EURES-samordningskontoret skal invitere representantar for dei europeiske partane i arbeidslivet og eventuelt representantar for andre EURES-partnarar og sakkunnige til å ta del i møta i arbeidsgruppa.

*Artikkel 8***EURES-pakta**

1. EURES-samordningskontoret skal vedta EURES-pakta i samsvar med dei framgangsmåtane som er fastsette i artikkel 14 nr. 2, artikkel 15 nr. 2, artikkel 22 nr. 1 bokstav a), b) og c) og artikkel 23 i forordning (EØF) nr. 1612/68, etter samråd med EURES-strategigruppa på høgt nivå, som er skipa ved artikkel 6 i dette vedtaket.

2. På grunnlag av prinsippet om at alle tilbod og søknader om arbeid som vert offentleggjorde av eitt av EURES-medlemmene eller -partnarane, må vere tilgjengelege i heile Fellesskapet, skal EURES-pakta særleg innehalde:

a) ei utgreiing om dei tiltaka som EURES-medlemmer og -partnarar skal gjennomføre, medrekna:

i) arbeidsformidlingstenester, medrekna personleg rettleiing og rådgjeving til kundar, anten dei er arbeidssøklarar, arbeidstakarar eller arbeidsgjevarar,

ii) utvikling av samarbeid mellom ulike statar og i grenseområde, som omfattar arbeidsformidlingar og sosialtenester, partane i arbeidslivet og andre institusjonar som det gjeld, med sikte på å betre verkemåten til arbeidsmarknadene, integreringa deira og mobiliteten,

iii) fremjing av samordna overvaking og vurdering av hindringar for mobiliteten, overskot og mangel på kvalifikasjonar og migrasjonsstraumar,

b) måla for drifta av EURES-systemet, kvalitetsstandardar som skal nyttast og dei pliktene som EURES-medlemmene og -partnarane har, som omfattar:

i) integrering i EURES-systemet for utveksling av ledige stillingar av medlemmene sine relevante databasar over ledige stillingar innan ein tidsfrist som skal fastsetjast,

ii) den typen informasjon som dei må gje til kundane sine og resten av nettet, til dømes arbeidsmarknadsinformasjon, informasjon om leve- og arbeidsvilkår, informasjon om arbeidstilbod og arbeidssøknader og hindringar for mobiliteten,

iii) opplæring og kvalifikasjonar som krevst av EURES-personale, og vilkår og framgangsmåtar for organisering av vitjingar og av oppgåvene til dei ansvarlege,

iv) utarbeiding, framlegging for EURES-samordningskontoret og gjennomføring av tiltaksplanar, medrekna særskilde reglar for EURES-verksemd over landegrensene,

v) vilkår som gjeld for bruken av EURES-logoen for medlemmer og partnarar,

vi) prinsipp for overvaking og vurdering av EURES-tiltak,

c) framgangsmåtar for utarbeiding av eit einsarta system og felles modellar for utveksling av informasjon om arbeidsmarknaden og informasjon i samband med mobilitet innanfor EURES-nettet, slik det er fastsett i

artikkel 14, 15 og 16 i forordning (EØF) nr. 1612/68, medrekna informasjon om arbeid og utdanningstilbod i Den europeiske unionen som skal integrerast i ein nettstad for informasjon om arbeidsmobilitet.

*Artikkel 9***Retningslinjer og tiltaksplanar**

1. I samsvar med EURES-pakta som er nemnd i artikkel 8, og etter samråd med EURES-strategigruppa på høgt nivå som er skipa ved artikkel 6, skal EURES-samordningskontoret fastsetje retningslinjer for verksemda til EURES for eit tidsrom på tre år.

Retningslinjene skal omfatte vilkåra for all finansiell støtte som Fellesskapet kan gje i samsvar med nr. 4.

2. På grunnlag av retningslinjene skal EURES-medlemmene leggje fram dei høvesvise tiltaksplanane sine i det tidsrommet som er omfatta av retningslinjene til EURES-samordningskontoret. Tiltaksplanen skal gjere greie for:

a) dei viktigaste tiltaka til EURES-medlemmene innanfor ramma av nettet, medrekna tverrnasjonale tiltak, tiltak over landegrensene og sektortiltak, slik det er fastsett i artikkel 17 i forordning (EØF) nr. 1612/68,

b) dei menneskelege og finansielle ressursane som er tildelte for gjennomføringa av andre delen av forordning (EØF) nr. 1612/68,

c) ordningar for overvaking og vurdering av dei planlagde tiltaka, medrekna den informasjonen som skal sendast over til Kommisjonen kvart år.

Tiltaksplanane skal òg omfatte ei vurdering av dei tiltaka som er gjennomførde og den framgangen som er gjord i det føregåande tidsrommet.

3. EURES-samordningskontoret skal granske tiltaksplanane og den informasjonen som vert sendt om gjennomføringa av desse planane, med sikte på å vurdere om dei stemmer overeins med retningslinjene og føresegnene i andre delen i forordning (EØF) nr. 1612/68. Resultata frå denne vurderinga skal kvart år analyserast i samarbeid med EURES-medlemmene i samsvar med artikkel 19 nr. 1 i den nemnde forordninga, og skal takast med i den rapporten som Kommisjonen skal leggje fram for Europaparlamentet, Rådet og Det europeiske økonomi- og sosialutvalet annakvart år, slik det er fastsett i artikkel 19 nr. 3 i den nemnde forordninga.

4. Kommisjonen kan tildele finansiell støtte til gjennomføring av tiltaksplanane i samsvar med dei reglane som gjeld for dei relevante budsjettmidlane.

*Artikkel 10***Oppheving**

Vedtaket 93/569/EØF vert oppheva. Likevel skal det framleis nyttast på tiltak som det var levert inn søknad for før datoen då dette vedtaket tek til å gjelde.

Artikkel 11

Iverksettjingsdato

Dette vedtaket skal nyttast frå 1. mars 2003.

Artikkel 12

Adressatar

Dette vedtaket er retta til medlemsstatane.

Utferda i Brussel, 23. desember 2002.

For Kommisjonen

ANNA DIAMANTOPOULOU

Medlem av Kommisjonen
